


# ÅRSMELDING 1991

17 JUNI 1992

## Fiskerirettleiaren i Austevoll



ÅRSMELDING FOR 1991

FISKERIRETTLEIAREN I AUSTEVOLL

1. Fiskerirettleiarens tenestedistrikt.

2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

2.1. Personal/Fiskerikontoret.

2.2. Korrespondanse.

2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemnd.

2.4. Fiskerinemnder/møteverksemnd/saker.

2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

3. Sysselsettinga i fiskeri- og fiskeoppdrettsnæringa.

3.1. Fiskarmanntalet.

3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

3.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga.

4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilite.

4.1. Austevoll Kommune

4.2. Os Kommune

4.3. Fusa Kommune

4.4. Tysnes, Samnanger og Kvam Kommune.

5. Fiskeflåtens aktivitet.

6. Fiskeoppdrettsnæringas samansetning og aktivitet.

7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet i 1991.

8. Avleia verksemnd i Austevoll.

9. Summering.

9.1. Fiskerinæringa.


9.2. Oppdrettsnæringa

9.3. Fiskeindustrien/mottaksleddet.

10. Os, Fusa, Tysnes, Kvam og Samnanger.

KORTMELDING FOR AUSTEVOLL KOMMUNE.

1. Fiskerirettleiarkontorets tenestedistrikt.



Hovudkontorstad: Austevoll kommune.

Utvida funksjonsdistrikt slik:

Os Kommune med 1 kontordag pr. veke frå 1982.

Fusa Kommune med 2 kontordagar pr. mnd. frå 1982.

Tysnes kommune med 1 kontordag på mnd. frå 1984.

Samnanger kommune utan faste kontordagar frå 1984.

Kvam kommune med 2 kontordagar på mnd. frå 1990.

#### Austevoll Kommune:

- \* ein typisk kystkommune med 667 holmar og skjær og 337 km strandline. Folketalet er i overkant av 4.100.
- \* ein av Norges største fiskerikommunar og Norges største fiskeoppdrettskommune.
- \* næringslivet i kommunen er også sterkt engasjert i oljeverksemnda i Nordsjøen.
- \* store friluftsjnteresser og småbåtutfart sumarstid. Litt jakt i skog og mark.

#### Os kommune:

- \* ein typisk vekstkommune med folketal tett på 13.000. Relativ stor strandline, store friluftsjnteresser og nær tilknytning til Bergen.
- \* næringslivet i kommunen er hovudsakleg handel, bygg og anlegg. Fiske og fiskeoppdrett utgjjer ein mindre del av næringslivet.

#### Fusa kommune:

- \* ein blanding av kyst-og fjordkommune med folketal på ca. 3.700.
- \* primærnæringsane jordbruk, skogbruk og fiskeoppdrett utgjjer ein vesentlig del av næringslivet. Fiskerinæringsane utgjjer ein mindre del.
- \* ein del jakt og friluftsliv, mest i skog og fjell.

#### Samnanger Kommune:

- \* ein innlandskommune med kun Samnangerfjorden som kyststripe. Folketalet er ca. 2.900.
- \* offentleg service, industri, bygg og anlegg utgjjer det vesentlege av kommunens verksemnd.
- \* store friluftsjnteresser som jakt og fiske i skog og fjell, samt vesentleg skiturisme vinterstid.

Kvam Kommune:

- \* ein innlandskommune med kyststripe som grensar til Hardangerfjorden. Folketalet er ca 8.800.
- \* hovuddelen av næringslivet utgjer industri, skog-og jordbruk. Fiskeoppdrett er også ein del av næringslivet i kommunen.
- \* store friluftsjnteresser som jakt og fiske i skog og fjell. Fine turløyper, samt stor skiturisme vinterstid.

## 2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

### 2.1. Personal/Fiskerikontoret.

Fiskerirettleiar    Hans Austevoll  
Konsulent            Ingebrigt Austevoll  
Førstefullmektig    Gurli Heimark

Alle i full stilling, med fiskerikontor som er adskilt og delt i 3 rom.

I Os vert det nytta eit kontor i sentrum på Osøyro, medan det i Fusa, Tysnes og Kvam vert nytta kontor tilknytt formannskapskontora.

### 2.2. Korrespondanse.

Inn- og utgåande brevjournal:	<u>1987</u>	<u>1988</u>	<u>1989</u>	<u>1990</u>	<u>1991</u>
Totalt inngåande	996	1.185	1.311	1.357	1.139
Totalt utgåande	1.376	1.647	1.390	1.489	1.267

Korrespondansen dei siste 5 åra er noko varierende frå år til år.

### 2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemd.

Som sekretariat for fiskerinemndene i heile tenestedistriktet så medgår ein god del arbeid med tilrettelegging av saker som vert handsama i fiskerinemndene.

Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemd forøvrig var i 1991, i grove trekk som følgjande:

- \* aktiv kystzoneplanarbeid, særleg i Austevoll i 1991, men også i Fusa og Tysnes.
- \* søknader, synfaring og møter vedk. lokaliteter for laks og aure
- \* div. havnesaker, eks. Storebø havn og regulering av Vargavågen i Os
- \* div. registreringsarbeid vedk. utarbeiding av sivil beredskapsplan for fiske-og fiskeoppdrett på kommunenivå.
- \* div. søknader til Fiskeridirektoratet

- \* fiskarmanntal- merkeregister- og garantikassesaker m.m.
- \* deltaking vedk. diverse tiltaksarbeid i kommunane.
- \* div. møter på Austevoll Havbruksstasjon
- \* div. møter og deltaking i Austevoll Fiskeoppdrettsalg.
- \* deltaking med ulike delegasjonar på ekskursjonsturer i Austevoll
- \* div. møter i Bergen hos Fiskerisjefen, Fiskeridirektoratet og andre.
- \* Fiskerisjefen sin representant i styret for Fusa/Kvam forsøksring.
- \* deltaking i Teknisk Hovudutval i kommunane, dog særleg i Austevoll Kommune.
- \* Fiskerisjefen sin representant i styringsgruppa for "Strategisk Næringsplan for Hordaland", tiltak 14.
- \* medlem i "Team Sunnhordland"

#### 2.4. Fiskerinemnder/møteverksemd/saker.

Austevoll, Os, Tysnes og Kvam kommune har eigne fiskerinemnder med 5 medlemmar i kvar nemnd.

Fusa og Samnanger kommune har felles fiskerinemnd med 3 medlemmar frå Fusa og 2 medlemmar frå Samnanger.

Saksmengda frå fiskerinemndene i 1991:

Austevoll kommune,	5 møter og tot. 67 saker til handsaming.
Os kommune,	2 møter og tot. 28 saker til handsaming.
Fusa og Samnanger kommune,	3 møter og tot. 19 saker til handsaming.
Tysnes kommune,	3 møter og tot. 13 saker til handsaming.
Kvam herad,	2 møter og tot. 7 saker til handsaming.

Medlemmane i fiskerinemndene har teke aktivt del i dei einsskilde saker. Dei har vore positive og vore lett å samla til møter.

Saker til handsaming i 1991.

Austevoll Fiskerinemnd:

- \* 10 søknader til Statens Fiskarbank som t.d. lånesøknad ved overtaking av fartøy, redskapslån, fartøylån og kontraherings-tilskott.
- \* 9 søknader til Fiskerisjefen vedr. laks og aure, nye driftslokalitetar, midlertidige lokalitetar m.m.
- \* 4 søknader til Fiskeridirektoratet om ervervelse av eigedomsretten til fiskefartøy
- \* 1 søknad til Fiskeridirektoratet vedr. eigedomsendring i fiskefartøy
- \* 19 søknader om løyve til bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlina.
- \* referatsaker
- \* fiskarmanntalsaker
- \* forslag til praktike fiskeforsøk og veiledningsteneste for 1991
- \* uttale vedk. utbygging av djupvannskai
- \* utttale vedk. søknader om utsleppsløyve
- \* uttale vedk. utlegging av flytekai og flytebryggjer
- \* uttale vedk. søknader om bygging av kai på almenningsareal
- \* uttale vedk. trasevalg for kabler i luftspenn, samt sjøkabler
- \* uttale vedk. søknad om endring av skytefelt, samt skyting med luftkanoner
- \* uttale vedk. søknad om permanent flytting med oppdrettsanlegg, ut av Austevoll kommune.
- \* uttale vedk. Kystsoneplan for Austevoll
- \* uttale vedk. Kyststamvegtrase.



### Os Fiskerinemnd.

- \* 2 søknader til Statens Fiskarbank, søkn. om kondemnerings-tilskott og søknad om gjeldsanering.
- \* 2 søknader til Fiskeridirektoratet om ervervelse av eigedomsretten til fiskefartøy.
- \* 1 søknad til Fiskeirdirektoratet om konsesjon for industritrål
- \* 1 søknad til Fiskerisjefen vedr. lokalisering av fiskeoppdrettsanlegg.
- \* 14 søknader til uttale vedk. bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m. frå strandlina
- \* uttale vedk. kloakkrammeplan for Os.
- \* uttale vedk. utfylling av molo
- \* uttale vedk. søknad om skyting med luftkanoner
- \* referatsaker
- \* fiskarmanntalsaker

### Fusa og Samnanger Fiskerinemnd:

- \* 5 søknader om nye lokalitetar/alt. plasssering, utviding for lakseanlegg.
- \* uttale vedk. søknad om skyting med luftkanoner
- \* uttale vedk. kystzoneplan i Fusa
- \* uttale vedk. reguleringsplaner og div. søknader om utleppsløyve
- \* fiskarmanntalsaker
- \* Garantikassesak
- \* referatsaker

Tysnes Fiskerinemnd:

- \* søknader vedk. lokaliteter for matfiskanlegg av laks og aure
- \* fiskarmanntalsaker
- \* Garantikassesak
- \* referatsaker
- \* uttale vedk. arealdelen til kommuneplanen i Tysnes
- \* uttale vedk. søknad om utsleppsløyve
- \* uttale vedk. søknad om skyting med luftkanoner
- \* uttale vedk. søknader om utlegging av flytebrygger

Kvam Fiskerinemnd:

- \* uttale vedk. søknad om oppføring av bølgebryter
- \* uttale vedk. søknad om skyting med luftkanoner
- \* uttale vedk. Rettleiingstenesta for Kvam Herad
- \* referatsaker
- \* fiskarmanntalet

2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

Med den bemanninga rettleiarkontoret i Austevoll har, så må me kunna seia at rettleiartenesta fungerer godt. Dei tilsette har samla relativt godt kjennskap til dei ulike ledd innanfor fiske- og akvakulturnæringa innanfor vedkomande tenestedistrikt, og vi har i dei fleste høve møtt positiv samarbeidsvilje. Næringsutøvarane/fiskerinemndene har vore lett å få kontakt med, og me har følt at dei har sett pris på dei tenestene me har kunna vore hjelpelege med.

### 3. Sysselsettinga i fiskeri-og fiskeoppdrettsnæringa.

#### 3.1. Fiskermanntalet.

Fiskermanntalet følger kommunevis ved utgangen av 1991.

Blad A - Fiske som attåtning

Blad B - Fiske som hovudyrke/eineyrke.

#### Austevoll Kommune

Ar	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	»»»	
1991	Blad A	-	-	1	2	4	8	8	42	65
	Blad B	21	70	61	40	16	9	-	2	219
	Totalt	21	70	62	42	20	17	8	44	284

Fiskermanntalet i Austevoll for 1991 viser trend til auke på bl. B etter fleire år med ein viss nedgang. Statistikken viser ein klar topp i aldersgruppa 20 - 30 år.

#### Os Kommune

Ar	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	»»»	
1991	Blad A	-	-	2	-	1	2	1	8	14
	Blad B	-	19	14	9	9	5	-	2	58
	Totalt		19	16	9	10	7	1	10	72

I Os er fiskermanntalet på storleik med året før, med flest fiskarar i aldersgruppa 20 - 40 år.

Fusa Kommune

Ar	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	
1991	Blad A	-	-	-	-	2	1	-	5	8
	Blad B	2	5	3	6	4	1	-	1	22
	Totalt	2	5	3	6	6	2	-	6	30

Samanlikna med dei siste åra så viser fiskarmanntalet bl. B ein klar trend til auke i 1991, med dei fleste i alderan 20 - 30 år og 40 - 60 år.

Tysnes Kommune

Ar	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>>>	
1991	Blad A	-	-	1	2	1	1	2	4	11
	Blad B	-	-	1	2	3	1	-	1	8
	Totalt	-	-	2	4	4	2	2	5	19

Fiskarmanntalet i Tysnes viser små endringar utan trend til rekrutering av yngre fiskarar.

Samnanger Kommune: 4 på blad A og 2 på blad B i 1991.

Kvam Kommune: 8 på blad B, 4 av desse kom til i 1991.

For samtlege kommunar ovanfor så er A fiskarane mest eldre folk på over 70 år og verksemnda deira kan ein nærast rekna for hobbyverksemnd.

### 3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet:

#### Austevoll Kommune

Navn	Heiltidstils.			Sesongtils.			Årsverk			
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
<u>Austevoll Fiske- industri A/S.</u>	-89	24	24	48	30	30	60	35	40	75
Kj.løyve oppdr.fisk, forkjøken, røykeri, makrellmotak, fryseri.	-90	25	25	50	50	53	103	50	50	100
	-91	25	25	50	60	60	120	60	60	120
<u>Norsk Akvakultur A/S.</u>	-89	1	4,5	5,5	10	30	40	10	24	34
Kjøpsløyve oppdr.fisk, røyking. m.m.	-90	1	3	4	15	40	55	3	17	20
	-91	1	5	6	15	40	55	5	20	25
<u>Møkster Pakkeri A/S.</u>	-89	-	1	1	5	10	15	4	10	14
Pakking av laks og mottak av kvitfisk.	-90	-	1	1	4	9	13	3,5	7	10,5
	-91	0	1	1	4	9	13	2	4	6
<u>Nye Austevoll Røykeri A/S.</u>	-89	2	2	4	8	18	26	3	6	9
Røyking av laks	-90	3	1	4	2	7	9	4	5	9
	-91	2	1	3	2	7	9	3	7	10
<u>Stolmen Industri- hus A/S.</u>	-89	-	1	1	10	30	40	5	10	15
Pakking av laks	-90	-	1	1	1	18	25	2	10	12
	-91	-	1	1	7	15	22	4	10	14

#### Os Kommune

Navn	Heiltidstils.			Sesongtils.			Årsverk			
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
<u>Gje-Vi Røykeri A/S</u>	-89									
Røyking av laks, pakking av fersk laks.	-90									
	-91	2	3	5	12	20	32	7	13	20

## Fusa Kommune

Navn	Heiltidstils.			Sesongtils.			Årsverk			
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
<u>Bolaks - Osenfisk A/S,</u> Pakking av eigen lakseproduksjon.	-91				10	17	27	3	6	9
<u>Holmefjord Fryseri,</u> røyking, filetprod.m.m. av laks.	-91	1	1	2	1	1	2	-	-	2,5
<u>Norway Foods A/S,</u> nedl. av sardiner.	-91	10	24	34	3	11	14	12	30	42

## Tysnes Kommune

Navn	Heiltidstils.			Sesongtils.			Årsverk			
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
Våge Fiskemottak. mottak for Vest- Norges Fiskesalgslag	-91	2	4	6	-	3	3	2	5	7

## Kvam Kommune

Navn	Heiltidstils.			Sesongtils.			Årsverk			
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
<u>Hardanger Fiskefor- edling A/S.</u> Pakking av laks m.m.	-91	8	17	25	-	5	5	7	15	22

### 3.3. Sysselsetting ved oppdrettsanlegga.

Kommune	Heiltidstils.	Deltidstils.	Årsverk
Austevoll	50	40	60
Os	10	10	15
Fusa	30	20	40
Tysnes	15	10	20
Samnanger	3	2	4
Kvam	12	8	15

Tabellen framom viser sysselsettinga i fiskeri-og fiskeoppdrettsnæringa for dei einskilde kommunar. Både fiskarmanntalet og dei tilsette på oppdrettsanlegga er hovudsakleg mannspersonar, medan arbeidsplassane ved mottaksapparatet på land viser det motsatte, der det stort sett er kvinner som utgjer arbeidsstyrken.

### 4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilete.

#### 4.1. Austevoll.

Austevoll Kommune er ein av landets største fiskerikommunar med fløgjande flåtesamansetting i 1991.

- \* 18 store fartøy m/ringnotkonsesjon frå 4.900 til 15.000 hl  
11 av desse fartøya har også kolmuletrålkonsesjon.
- \* 1 kombinert fartøy 90 fot, garn, snurrevad og ringnot.
- \* 1 industritrålfartøy.
- \* 1 brisling/sild fartøy.
- \* 117 mindre merkeregistrerte fartøy som består av sjarkar og små åpne båtar. Berre 2 av desse hadde torskekonsesjon.

LENGDE	TOTALT	BYGGEGÅR									BYGGMATERIALE						
		IFØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET. 1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET			
0.0 - 4.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	94	I	-	1	1	7	15	13	29	27	1	-	44	50	-	-	-
10.0 - 14.9M	21	I	-	1	-	1	1	-	3	15	-	1	5	13	-	-	2
15.0 - 19.9M	3	I	-	1	-	2	-	-	-	-	-	-	3	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	1	I	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	2	I	-	-	-	1	-	-	1	-	-	-	1	1	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-
50.0 OG OVER	16	I	-	-	4	3	-	2	1	6	-	16	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	138	I	-	4	5	14	17	15	34	48	1	19	54	63	-	-	2

Merkeregisteret for Austevoll viser 12 avganger og 6 tilganger av fartøy i 1991.

Eit av avgangane var eit av dei store ringnotfartøya som vart solgt utandlands. Dei andre var små fartøy.

Av fartøya som kom til var det tre ringnotfartøy og i så måte ein relativ stor flåteauke.

#### 4.2. Os.

LENGDE	TOTALT	BYGGEGÅR									BYGGEMATERIALE						
		FØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET. 1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET			
0.0 - 4.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	35	1	-	1	1	3	6	6	9	7	2	-	19	16	-	-	-
10.0 - 14.9M	5	1	1	-	-	-	-	-	2	1	1	-	3	1	-	-	1
15.0 - 19.9M	3	1	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	2	1	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	2	1	-	-	-	1	1	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-
UOPPGITT	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	45	1	1	1	2	3	7	6	11	9	3	2	24	18	-	-	1

\* 2 store ringnotfartøy, det eine har kolmuletrålkonsesjon.

\* 1 brisling-/sildfartøy.

\* 1 reketrålfartøy i Nordsjøen.

\* 41 mindre båtar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.

Det eine ringnotfartøyet kom til heilt på slutten av 1991.

#### 4.3. Fusa.

LENGDE	TOTALT	BYGGEGÅR									BYGGEMATERIALE						
		FØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET. 1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET			
0.0 - 4.9M	1	1	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	1	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	24	1	-	-	1	4	4	4	11	-	-	-	7	16	-	-	1
10.0 - 14.9M	6	1	-	-	1	-	1	1	3	-	-	1	4	1	-	-	-
15.0 - 19.9M	2	1	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	33	1	-	1	-	3	4	5	5	15	-	1	14	17	-	-	1

\* 2 brisling-/sild fartøy.

\* 31 mindre båtar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.



#### 4.4. Tysnes.

LENGDE	TOTALT	BYGGEGÅR								BYGGEMATERIALE				
		1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET.1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	1	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	-
5.0 - 9.9M	15	-	-	-	3	3	2	2	5	-	-	9	6	-
10.0 - 14.9M	2	-	-	-	-	-	-	1	1	-	-	1	1	-
15.0 - 19.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	18	-	-	-	3	3	2	4	6	-	-	10	8	-

\* fiskefartøya i Tysnes er mindre båtar, sjarkar o.l., utan spesielle fiskeløyve.

Kommunane KVAM OG SAMNANGER har nokre få mindre fiskefartøy kvar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.

#### 5. Fiskeflåtens aktivitet.

##### Austevoll Kommune.

Havfiskeflåten frå Austevoll hadde eit aktivt år i 1991, noko som gav positivt resultat.

Åpning for loddefisket i Barentshavet vart eit kjærkomment supplement til fangstresultatet for heile havfiskeflåten, særleg på vinterstid.

I tillegg dreiv fartøya loddefiske ved Island-Jan Mayen, makrell - sild- og brislingfisket i Nordsjøen - Norskehavet, samt kolmulefisket vest for Dei Britiske Øyer.

Berre eit mindre fatøy driv industritrålfisket i Nordsjøen.

Tabellen nedanfor viser fangstresultatet frå Austevoll dei 10 siste åra der fyrstehandsverdet for 1991 er betre enn nokon gong før.

Austevoll Kommune - Havfiskeflåten.

År	Lodde 1000 hl	Makrell 1000 hl	Sild/brisl 1000 hl	Kolmule 1000 hl	Tobbis/augep. 1000 hl	TOTALT	
						1.000 hl	1.000 kr
1981	1.774,1	73,7	34,4	518,7	8,2	2.409,1	130.492,0
1982	1.647,7	133,4	99,2	561,9	24,8	2.566,9	131.948,0
1983	2.167,5	138,4	132,2	661,9	27,8	3.127,8	156.916,3
1984	1.365,4	268,4	280,6	632,8	43,0	2.590,3	161.393,4
1985	885,5	165,6	406,7	523,7	19,9	2.001,4	125.046,0
1987	300,0	200,0	480,0	480,0	40,0	1.500,0	145.000,0
1988	300,0	200,0	480,0	480,0	40,0	1.500,0	160.000,0
1989	169,1	396,4	380,0	725,6	11,0	1.682,1	168.000,0
1990	87,9	579,9	270,0	1.176,1	18+5	2.136,9	204.500,0
1991	685,0	442,0	550,0	560,0	20,0	2.257,0	239.000,0

I tillegg kjem ca 3- 4 mill. kr i fyrstehandsverde frå eit brislingfartøy og sjarkane. Av sistnemnte er det berre nokre få fartøy som driv fiske som heilårsnæring, not-og garnfiske etter sild, makrell, pale/sei, hå, torskefisk m.m. Berre 5 - 6 sjarkar fiska torsk nord for Stadt i 1991.

Os Kommune.

Fiskeriaktiviteten frå Os utgjer eit ringnot-/kolmuletrålfartøy og 12 - 15 mindre fartøy, sjarkar som dreiv aktivt fiske i 1991. Fyrstehandsverdet utgjer anslagsvis ca 15 - 20 mill. kr. der det eine havgåande fartøyet utgjer hovuddelen av fangstresultatet.

Fusa Kommune.

6 - 8 mindre fartøy, sjarkar utgjer eit fangstresultat på anslagsvis ca 2 mill kr.

Fiskeriaktiviteten frå Tysnes, Samnanger og Kvam utgjer ein endå mindre del i 1991.

## 6. Fiskeoppdrettsnæringas samansetning og aktivitet.

### Austevoll Kommune.

- \* største oppdrettskommune i landet med 25 konsesjonar for laks og aure. I 1991 dreiv 1 anlegg med heile drifta si utanfor Austevoll og 3 - 4 anlegg med delar av drifta i andre kommunar. 3 av anlegga tok ikkje inn ny laksesmolt i 1991.
- \* 1 setjefiskanlegg i drift med 300.000 stk./år.
- \* 19 konsesjonar for marine artar. Berre 2 hadde drift i 1991 og eit av desse var Akvakulturstasjonen.

Fiskeoppdrettsanlegga ligg spreidd rundt om i Kommunen. Store deler av strandlina i Austevoll går bratt i sjøen og gjev gunstige djupneforhold, samstundes som det er god straumgjennomgang mellom holmar og skjær.

Det er stor variasjon i anleggstyper, i konstruksjon og materialbruk, frå stive robuste anlegg til meir ledda konstruksjonar som ringar o.l.

Fleire av anlegga har plattformer eller flytekaiaer med driftsbygninger, fôr og utstyr m.m. i praksis er dei blitt mobile anlegg, og med eit unntak, så må ein i båt for å koma til alle dei andre anlegga.

Oppdrettsnæringa i heile distriktet var inne i eit vanskeleg år i 1991 med sjukdomsutbrot og lave marknadspriser noko som medførte at oppdrettarane hadde store vanskar med å få økonomisk balanse i drifta.

Tabellen nedanfor viser utvikling i oppdrettsnæringa dei siste 10 åra. Resultatet frå 1991 er oppgjeve frå Fiskeoppdretternes Salgslag pr. 30.09.91, og tillagt ca. 25 % for resten av året.

Fusa Kommune

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	138,5	1.600	50	3.300	104.000	87 R 30	1.900 1.100
-91	138,5	1.300	50	2.750	79.960	77 R 1	1.628 33

R = Røye

Tysnes Kommune

Tysnes er og etterkvart komet til med ein del oppdrettsaktivitet som i 1991 viser:

- \* 5 konsesjonar for laks og aure, 12.000 m3 kvar
- \* 5 konsesjonar for setjefisk av laks og aure med samla 3.000.000 stk. pr. år.
- \* 4 konsesjonar for marine fiskearter.  
Eit anlegg har deler av drifta i Kvinnherad.

Tysnes Kommune

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	60	1.000		1.700	51.000		
-91	60	700		2.500	75.600	T 340	5.740

T = Torsk

Kvam Kommune.

- \* 4 konsesjonar for laks og aure, 12.000 m3 kvar
- \* 4 konsesjonar for setjefisk av laks og aure med samla 2.160.000 stk. pr. år.
- \* 1 konsesjon for oppdrett av røye.

Kvam Kommune

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	48	400		1.360	40.000		
-91	48	400		783	22.500	R 13	450

R = Røye

Samnanger Kommune.

- \* 1 konsesjon for setjefisk av laks og aure, 500.000 stk/år.
- \* 1 konsesjon for marine fiskearter.

7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet 1991.

Austevoll Kommune:

Austevoll Fiskeindustri A/S:

- \* rundfrysing av makrell : 9.600 tonn
- \* laks totalt, pakka og frossen : 2.000 tonn
- \* røykelaks filet : 39 tonn
- \* produsert og levert oppalsfor (våtfor) : 1.100 tonn
- \* levert tørrfor (lagervarer for forlevrandører): 6.000 tonn
- \* Årsomsetnad : 140 mill. kr.

Norsk Akvakultur A/S:

- \* fersk laks pakka og solgt : 1.450 tonn
- \* fersk laks, pakka for andre : 150 tonn
- \* røykt laks/aure og filet : 70 tonn
- \* Årsomsetnad : 60 mill. kr.

Nye Austevoll Røykeri A/S:

- \* røyking av laks og aure : 43 tonn
- \* Årsomsetnad : 6,2 mill. kr.

Stolmen Industrihus A/S:

\* pakking av laks og aure : 1.050 tonn

\* Årsomsetnad, pakkegodtgjersle: 4,5 mill kr.

Møkster Pakkeri A/S:

\* pakking av laks og aure : 500 tonn

\* mottak av fisk for Vestnorges Fiskesalgslag slik:

År	Torsk Kg	Pale Kg	Sei Kg	Lyr Kg	Hyse Kg	Pigghå Kg	Brosme Kg	Lange Kg	Annet Kg
-89	5.400	127	6.765	3.220	870	13.300	5.800	3.000	3.355
-90	2.590	-	12.520	2.701	636	13.811	3.080	2.988	1.957
-91	5.189		6.560	2.462	1.255	13.434	2.760	3.061	892

Av 892 kg. annet i tabellen er; breiflab, uer og kveite, skate, lysing m.m.

\* Årsomsetnad: Pakkegodtgjersle laks og aure = 2,7 mill kr.  
Mottak av lokale fiskeressurser = 0,253 mill kr.

Os Kommune:

Gje-Vi Røykeri A/S:

\* pakking av laks og aure, noko røykt/filet : 1.600 tonn

\* Årsomsetnad : 9,1 mill kr.

Fusa Kommune:

Bolaks - Osen Fisk A/S:

\* pakking av laks og aure : 1.069 tonn

\* Årsomsetnad, pakkegodtgjersle: Ca 4,5 mill kr.

Holmefjord fryseri:

\* familieverksemnd: røyking, filetproduksjon av laks og aure, med ein årssomsetnad på ca. 2 mill kr.

Norway Foods A/S.

\* nedlegging av 6.600 ks. a 100 bokser sardiner

\* Årsomsetnad: 18 - 20 mill. kr.

Tysnes Kommune:

Tysnes Fiskemottak A/S, på Våge:

\* mottak av fisk for Vestnorges Fiskesalgslag slik:

År	Torsk Kg	Pale Kg	Sei Kg	Lyr Kg	Hyse Kg	Pigghå Kg	Brosme Kg	Lange Kg	Annet Kg
-89	23.305	3.331	34.815	15924	5.170	51.031	5.173	11.926	6.083
-90	20.000	40.000			5.000	60.000	5.000	13.000	20.000
-91	11.964	322	64.735	20391	6.080	49.583	6.918	28.293	5.182

\* Årsomsetnad: 1.242 mill. kr.

Av 5.182 kg annet i tabellen er: Hummer, krabbe, kveite, flyndre, skate, uer, steinbit, lysing, breiflabb og rogn.

Kvam Herad:

Hardanger Fiskeforedling A/S:

\* pakking, frysing av laks og aure: 2.500 tonn

\* Årsomsetnad; 11,2 mill. kr.

## 8. Avleia verksemnd.

Utanom det tradisjonelle fiske, fiskeoppdrett og fiskeindustrien har Austevoll Kommune ei rekkje verksemnder som i stikkordform kan nemnast:

### INDUSTRI

Austevoll Notverkstad A/S	: Ringnot, trål og mærdar.
Rabben Fiskeredskap A/S	: Mærdar, impregnering, tauverk m.m.
Austevoll Tvinneri A/S	: Tråd, fletta tråd.
Storebø Notbøteri	: Reparasjon av nøter.
Rabben Mek. Verksted	: Nybygg, rep., flytebrygger m.m.
Storebø Mek. Verksted	: Rep. av båtar, flytebrygger m.m.
Dalseide Shipping Services	: Rustibus, el.inst. og verksted.
EB Installasjon	: El. styresyst. el. install. m.m.
Austevoll Elektromek. A/S	: Mek. arbeid for el. install. m.m.
Styro Austevoll A/S	: Emballasje i styropor.
Hordafor A/S	: Fiskeensilasj, ensileringsanl. m.m.
Austevoll Rør og Sanitær A/S	: Rørleggearbeid.

### TRANSPORT

- 1 føringsbåt for fôr.
- 5 føringsbåtar m. brønn.

### KONSULENTER

FiBa Regnskap A/S	: Regnskap, investering, drift m.m.
District Offshore	: Management, oppdrett, supply.
Sea Star Internasjonal A/S	: Salg av oppdrettsfisk.

### FORSKNING, UNDERVISNING.

Austevoll Havbrukstasjon	: Forsch.stasj. for akvakultur m.m.
Fiskarfagskulen	: vidareg. underv., fiske, akvakult.
Austevoll Fiskeoppdrettslag	
Austevoll Fiskarlag	



## 9. Summering/utviklingstrend.

### 9.1. Fiskerinæringa.

Det positive resultatet frå havfiskeflåten frå Austevoll i 1991 skaper ny optimisme i næringa og gjev følgjande utslag:

- \* talet på havfiskefartøy aukar.
- \* div. omb. av fartøy pågår og viljen til fornying er til stades
- \* redskap og utstyr vert rusta opp
- \* fiskarmanntalet viser trend til auke/rekrutering.
- \* fiskaryrket er i ferð med å verta attraktivt att

### 9.2. Oppdrettsnæringa.

Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll hadde eit vausekeleg år i 1991 med sjukdomsutbrot av ILA og Furunkolose, samt lave marknadsprisar. Dette gav seg utslag i:

- \* vanskar med å få økonomisk balanse i drifta
- \* 3 lakseanlegg tok ikkje inn ny smolt i 1991
- \* konkurranse om fisken mellom mottaksanlegga på land
- \* ein viss nedgang i antall årsverk på oppdrettsanlegga i 1991.

### Positive teqn:

- \* oppdrettarane gjev ikkje opp men set ut ny fisk i årgangsonar (nye lokalitetar) og vonar på oppgang i marknadsprisane
- \* eit anlegg for marine fiskearter har teke opp att produksjon av piggvar/kveiteyngel
- \* Havforskningsinstituttet sin stasjon for marin akvakultur ligg i Austevoll og sentralt i forskninga står utvikling av nye metodar for kommersiell produksjon av laks og aure, kveite, piggvar, torsk og steinbit.

### 9.3. Fiskeindustrien/mottaksleddet:

Når det gjeld mottak av laks og aure i 1991 så var det ein del permitteringar i deler av året for nokre av mottaksanlegga.

Austevoll Fiskeindustri A/S gjekk særleg godt og hadde stor aktivitet i sesongen med mottak av makrell.

Norsk Akvakultur A/S hadde også eit relativt godt år.

Dei øvrige mottaksanlegga i Austevoll hadde mangel på fisk i forhold til arbeidskraft.

Likevel så låg det totale årsverk innan mottaksleddet noko høgare i 1991 samanlikna med året før.

### 10. Os, Fusa, Tysnes, Kvam og Samnanger.

- \* Os Kommune har aukande fiskeriaktivitet, stabil oppdrettsaktivitet og mottaket på Gje-Vi hadde eit relativt godt år.
- \* Fusa Kommune har stor oppdrettsaktivitet både på matfisk-og setjefisk sida. Fiskeriaktiviteten viser også trend til auke.
- \* Tysnes Kommune har stabil oppdrettsaktivitet og liten fiskeriaktivitet. Fiskemottaket på Våge fungerer likevel godt, også for tilgrensande kommunar.
- \* Kvam Kommune har trend til auke av aktive fiskarar og oppdrettsaktiviteten er noko lunde stabil. Hardanger Fiskeforedling A/S hadde eit relativt godt år.
- \* Samnanger Kommune har kun eit setjefiskanlegg i drift og fiskeriaktiviteten er laber.

Trenden for desse kommunane ber også preg av usikkerhet i oppdrettsnæringa. Med unntak av Os Kommune, så har ikkje desse kommunane noko særleg fiskeriaktivitet.

## NØKKELTAL FOR NORGES STØRSTE FISKEOPPDRETTSKOMMUNE

- \* 25 konsesjonar for laks og aure
- \* 280.000 m<sup>3</sup> produksjonsvolum ved mærdrift
- \* 1 settefiskanlegg på 300.000 stk pr. år.
- \* 6000 tonn laks produsert i 1991
- \* 180 mill. kr. produksjonsverdi
- \* ca. 60 - 70 årsverk på oppdrettsanlegga
- \* ca. 175 årsverk i foredlingsleddet (fyrste ledd på land)
- \* 19 konsesjonar for marine fiskearter. matfisk, stamfisk og yngel
- \* 2 konsesjonar for marine fiskearter er i drift

Oppdrettsanlegga har skapt store ringverknader på land i form av arbeidsplasser til verksemnder som:

- \* 5 industriverksemnder med mottak av oppdrettsfisk
- \* 1 sentralforkjøkken med ensileringsanlegg
- \* 1 produsent av ensilasje/gjennvinning av fiskeavskjær m.m.
- \* 10 produsentar av anlegg og utstyr
- \* 5 føringsfartøy m.brønn
- \* 1 føringsfartøy med oppdrettsfôr
- \* div. andre firma som leverer tenester for oppdrettsnæringa

Oppdrett av laks og aure har skapt nye og spanande jobbar dei siste 12 - 15 åra og oppdrettsnæringa har utvikla seg til å verta ein vesentleg del av næringslivet i Austevoll. Framtidsretta ser ein positivt på å koma i gang med oppdrett av også andre fiskearter.

